

30 trente på framifrå gras

26.08.2011



Torsdag kveld var 30 fotballrekruttar i trening på Heio og dei gjorde det på eit grasteppe som kunne karakteriserast som framifrå.

Men grunnen til at det var så fint var ein stor dugnadsinnsats og det varer ikkje lenge før det er naudsynt med ei ny økt. Og slik kan del vel ikkje halda fram?

I alle fall var dei som fekk ei god treningsøkt denne gongen stort sett født i 2004 og 2005, det var 25 av dei. Dei 5 øvrige var født i 1999 og 2000.

Over er det Tor Edward Taranger som viser rekuttane korleis det skal gjerast og under er foreldra på heimveg med sine små.

Men det er grunn til å utfordra leiinga i laget:
Korleis ser dei på trenings-situasjonen på lengre sikt?

(Foto:Ola Matti Mathisen)

